

Austrheim kommune

(kopi til: Asbjørn Nagell Toft, avdelingsleiar)

post@austrheim.kommune.no

Bergen, 13. mai 2022

Dette innspillet sendes på vegne av Bergen og Hordaland Turlag (DNT) og Naturvernforbundet Hordaland.

Klima- og energiplan for Austrheim kommune 2022–2032

Høringsuttale frå FNF Hordaland

Forum for natur og friluftsliv (FNF) Hordaland viser med dette til høyring av klima og energiplan for Austrheim kommune 2022–2032, og til dialog mellom Asbjørn Nagell Toft og Bergen og Hordaland Turlag, der det blei gitt utsett høyringsfrist til 16. mai.

Innleiande merknader

Vi vil rosa Austrheim for å ligge langt framme i arbeidet med både klimaplan og naturmangfaldsplan, og at kommunen med dette vil løfte omsynet til klima og natur i åra som kjem. FNF Hordaland meiner klima- og energiplanane som mange kommunar jobbar med vil vere mellom dei viktigaste planverka for samfunnet, då kommunen står tett på sine innbyggjarar og lokalsamfunn, og ikkje minst tett på eigne areal og utslepp. Mange klima- og miljøtiltak må utformast lokalt, og då er kommunane ein nøkkelaktør.

Vi vil understreka verdien av å ta vare på og restaurere natur i ei tid då tap av natur, tap av artar og klimagassutslepp frå arealinngrep peikar seg ut som ei av verdas hovudutfordringar. Rapporten frå FN sitt naturpanel (IPBES)¹ i 2019 må – saman med den siste oppdateringa av raudlista² her i Noreg – sjåast som ein felles aksept for at me står overfor ei global og lokal naturkrise, der arealinngrep og medfølgande habitatødeleggingar har vore den viktigaste drivaren mot naturkrise.

Vidare har naturvern vorte omtala som eit av våre viktigaste og rimelegaste klimatiltak. Mange kommunar har alt gjeve merksemd til myr og våtmark, men svært mykje av våre norske areal er faktisk potensielt store karbonlager³: Fjell, skog og opent lågland peiker seg ut som andre karbonlager, og det er difor viktig at kommunane som arealforvaltarar bygger på oppdatert kunnskap og legg dette til grunn for sine arealplanar.

¹ <https://www.ipbes.net/global-assessment>

² <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisterforarter/2021>

³ <https://media.wwf.no/assets/attachments/Temahefte.pdf>

Vern av natur er difor essensielt i klima- og miljøarbeidet, samstundes som det også har nokre viktige synergjar mot folkehelse og økonomi. Dei siste åra har naturen fått auka verdi som arena for friluftsliv og turisme, og gjennom dette auka verdi også for folkehelse og økonomi. Sidan starten på pandemien har mange fått kjenna på fordelane som ligg i å ha gode friluftsområde i sitt nærmiljø – noko som også er understreka i statlege strategiar⁴. Det er ikkje berre lokalbefolkninga i den vestlandske naturen som ser dette. Naturen er viktig for den norske reiselivsnæringa, særleg på vestlandet, noko som vert framheva i *Stortingsmelding 19 (2016–2017) Opplev Norge – unikt og eventyrlig*⁵.

Våre innspel til planen

Austrheim har i sitt planutkast teke to viktige grep som vi ynskjer å løfte fram spesielt:

- Naturmangfald og arealbruk har fått plass i omtalar og tiltak. Me ser for det første at Austrheim har gjort greie for klimakonsekvensar for livet på land og livet under vatn, og skildra korleis eit varmare og våtare klima vil gjere mange av dagens artar meir sårbare. Vidare har kommunen skildra korleis den same naturen er ein del av løysinga på klimautfordringar, gjennom naturbaserte tilnærmingar til handtering av overvatn, og som karbonlager som må forvaltast med aktsemd.
- Redusert forbruk går att i mange av tiltaka som planen omtalar, og kommunen løftar fram både direkte produksjonsbaserte utslepp og det konsumdrivne og indirekte fotavtrykket. FNF Hordaland meiner Austrheim syner ansvar og perspektiv ved å løfte fram det konsumbaserte utsleppet, og innføre tiltak som skal føre til lågare forbruk i offentleg og privat sektor. Her vil me spesielt peike på tiltak som kan redusere forbruket av den dyrebare straumen som samfunnet i aukande grad vil trenge. Samfunnet vil etterspørje straum frå fornybare kjelder som me ikkje uavgrensa kan auke produksjonen av utan å øydelegge naturmangfaldet og rekreasjonsområda våre. Difor vil energisparing og -effektivisering verte eit av verdas viktigaste klimatiltak, noko Austrheim tek på alvor.

I første del av fråsegna roser vi Austrheim for å jobbe med ein naturmangfaldsplan parallelt med arbeidet med denne planen, og for å trekke naturen inn i klimaplanen. FNF Hordaland ynskjer å føreslå følgjande konkrete merknadar og endringar til planen:

- *Austrheim skal som ein del av sitt klimabudsjett legge fram estimat av årleg utslepp frå arealinngrep.*

Merknad til forslag: Det er i dag utvikla effektive metodar for å gjere slike samanstillingar gjennom bruk av kartdata. Mellom anna har Voss herad presentert slike data i sitt utkast til ny klimaplan, og NVE har utarbeida ein metodikk for å talfeste klimagassutsleppa frå arealinngrepa ved vindkraftutbygging.

- *Austrheim skal legge til grunn estimat av klimagassutsleppa frå økosystem ved alle vedtak om areal- og reguleringsplanar som medfører betydelege arealinngrep.*

⁴ Se bl.a. Breivik og Rafoss (2017): *Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet* og *Stortingsmelding 18 (2015–2016)*

⁵ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20162017/id2543824/>

- På side 33 i planen står det:
Elektrifisering av Noreg er ein viktig del av det grønne skiftet og er sett på eit sentralt verkemiddel for å redusere CO2-utslepp i energisektoren. Elektrisitet er i utgangspunktet ein utsleppsfri energiberar saman med norsk kraftproduksjon. Det er dermed behov for ein auking av fornybar kraftproduksjon frå vind, vann og sol.

FNF Hordaland føreslår å endre dette til:

Elektrifisering av Noreg er ein viktig del av det grønne skiftet og er sett på som eit sentralt verkemiddel for å redusere CO2-utslepp i energisektoren. Elektrisitet er i utgangspunktet ein utsleppsfri energiberar saman med norsk fornybar kraftproduksjon. Det er dermed behov for ein berekraftig auking av kraftproduksjon frå fornybare kjelder som til dømes geotermisk energi, havenergi, vindenergi, vannkraft og solenergi. Arealinngrep frå utbygging av fornybar energi utgjør eit trugsmål mot naturmangfald, landskap og friluftsliv, og alle kommunar må difor også ta eit felles ansvar for å spare, effektivisere og prioritere straumforbruket.

- *Austrheim ynskjer ikkje vindkraft i natur- og friluftslivsområder. Vindkraftutbygging på land har i seinare år forårsaka så skadar på naturen, landskap og bumiljø, og har ført til massive protestar. Dette gjer at ein i framtida må vere ekstra varsam med denne forma for kraftutbygging.*

FNF Hordaland ynskjer Austrheim kommune lukke til med det viktige arbeidet med å laga ny kommunedelplan for klima og energi – i ei tid der både natur, klima og friluftsliv bør ha et sterkt fokus i kommunal politikk og forvaltning.

Vennleg helsing,

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland

Gunvar Mikkelsen, koordinator

Dag Sandvik, naturvernansvarleg i Bergen og Hordaland Turlag

Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland er et samarbeidsforum for natur- og friluftslivorganisasjoner i Hordaland, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftslivinteressene i fylket. Per i dag er det elleve organisasjoner tilsluttet FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, BirdLife Norge avd. Hordaland, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Forening Vestlandsavdelingen, Syklistenes Landsforening Bergen og omegn, Voss Utferdslag (DNT), Voss Kajakklubb og Hordaland krins av Norges Speiderforbund. Sammen representerer organisasjonene rundt 40 000 medlemmer i fylket.